



## Årsmelding for år 2016.

Årsmøtet vart halde på Åsvang tysdag 15.mars 2016.

Desse var til stades frå styret:

Ivar Hemsing, Erlend Eggen, Jan Sparstad og Oddbjørn Skeie.

Andre som var til stades var Aud Ingeborg Kamstrup Stuestøl, Solveig Voldhaug og Ida Østvold

### Val av nytt styre:

Leiar: Erlend Eggen

Styremedlem: Ivar Hemsing (ikkje på val)

Skrivar Oddbjørn Skeie (tok nyval)

Kasserar Solveig Voldhaug (ny)

Ungdomsrepresentant Anne Heidi Kvam Hillestad (ikkje på val)

Styremedlem Aud Ingeborg Kamstrup Stuestøl (ny)

Revisorar: Nils Leine og Inger Sørum

Valnemnd: Ida Østvold (tok gjenval)

Jan Sparstad (ny)

**Medlemstal** pr. 31.12.2016: 50 stk.

### Kontobeholdning pr 31.12.2016:

S. og A. Jacobsen Myhre's minnefond kr 11 769,89

A&L Wangensteen minnefond. Kr 4150,95

Andris vang CD kr 7253,47

Driftskonto. Kr 97 072,95

**Om instrumenta i laget:** I 2011 vart det kjøpt nye bøger og ryggsekkar/skrin til å ha på ryggen til tre hardingfeler.

**I laget sitt eige:** Ein langeleik (er hos Jan Sparstad)  
Fire hardingfeler:  
- Hardingfeler med boge og skrin - ikkje utleigd. På kulturskulen.  
- Hardingfeler med boge – Jørgen A. Kvam  
- Hardingfeler med boge og skrin – ikkje utleigd. På kulturskulen.  
- Hardingfele med boge og skrin.(«Grihamarfela») – Emilie Hermundstad  
Tre mindre, ”flatfeler”.  
Ein kontrabass  
Etter Rockeverkstad i Thorpe: Ein mixar, div stativ, mikrofonar, kablar og to høgtalarar. (Vart henta til Åsvang i 2012)  
Her er det mange gode mikrofonar og mikrofonstativ

**Satsane for utleige av instrument: kr. 350,00 pr. halvår.**

### **Kappleikar:**

#### **Valdreskappleiken 7.mai:**

Valdreskvelven spelte til dans i Øystre Slidre.

#### **Landskappleiken i Vågå:**

På landskappleiken deltok Marit Andrisdotter Kvam og Anne Heidi Kvam Hillestad på munnharpe, medan Jørgen Andrisson Kvam deltok med hardingfele. Jørgen deltok og i lag spel jr og lagdans jr.

#### **Jørn Hilme stemnet:**

Jørgen Andrisson Kvam deltok i hardingfele.

#### **Landsfestivalen for gamaldans Gaupne:**

Tom Kjetil Tørstad vant durspel senior på landskappleiken.

#### **Årsmøte Valdres folkemusikkklag.** Jan Sparstad

**Årsmøte FolkOrg:** Ingen deltok her.

### **Aktivitetar:**

#### **Hardingfele**

Felegruppa har vore aktiv i år. Øvingar i øvre Valdres. Desse har vore heime hjå ein av dei som er med. Spelte til dans på Kvamshall sitt rakfisklag.

#### **Trekkspel / Toradar / Kontrabass**

Tørstad & co har spelt til dans rundt om i Valdres. Ikkje faste øvingar i regi av Valdreskvelven.

#### **Langeleik**

Tre elevar går i kulturskulen og har Bjørg Berge som lærar. Dei vaksne har framleis ikkje kome i gang med felles spelning.

#### **Dans**

Valdreskvelven har hatt runddans/springar og sving på torsdagkveldane på Åsvang. Dette har vore eit bra tiltak, og har hatt ganske bra oppmøte. Her vil vi takke Frivilligsentralen for godt samarbeid.

**Aktivitetslogg:**

Fredag 11.mars så spelte Valdreskvelven til dans på mёнstringskonserten i Vang, som dette året var i Høre.

7.mai så spelte Valdreskvelven til dans på Valdreskappleiken i Øystre Slidre.

Felegruppa spela på rakfiskfesten på Kvamshall laurdag 26.november.

Oddbjørn Skeie (gitar) og Bjørg Berge (langeleik) spelte på Lærdalsmarknaden 18.juni.

Jørgen Andrisson Kvam deltok på Markenskappleiken på Kongsberg og på

Buskerudkappleiken på Geilo. Jørgen deltok og i lagdans jr i Operaen 20.november.

I Vang kulturskule er det i år tre elevar på langeleik, fire elevar på munnharpe og fire elevar på hardingfele.

Igjen vil vi trekke fram, at i tillegg til dei aktivitetane som er nemnd, deltek medlemma i laget på forskjellige måtar; spelar til underhaldning, held kurs, er dommarar, køyrer, er publikum, organiserar og stiller som vaktar på dei store arrangementa i Valdres folkemusikkklag, for å nemne noko. All deltaking er av det gode, så tusen takk til alle.

Vang i Valdres, .2016

---

Oddbjørn Skeie  
Skrivar

---

Erlend Eggen  
Leiar